



Adrian Nilsen Hauge
Myrdalskogen 15
5118 ULSET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/543 - 19/15689

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
22.05.2019

Ferdigattest for riving av bustad og oppføring av ny bustad - gbnr 215/52 Eidsnes ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 304/19

Tiltakshavar: Ragnhild Kartveit Høyland
Ansvarleg søkjar: Villanger & Sønner AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 22.06.2018. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll. Det vert elles vist til søknad motteken 08.05.2019.

Skildring

Adresse:	Eidsnesvegen 94
Bygningstiltak:	Einebustad
Bygningsnummer:	176320745 - revet
Bygningsnummer:	300693172 - ny bustad
Bruksareal:	293m ²
Avlaup:	Privat via slamavskiljar
Vatn:	Kommunalt
Tal på røykløp:	1

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for riving av tidlegare bustad, oppføring av ny einebustad samt etablering/utbetring av tilkomstveg på gbnr 215/52. Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.



Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/543

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Adrian Nilsen Hauge	Myrdalskogen 15	5118	ULSET
Ragnhild Kartveit Høyland	Myrdalskogen 15	5118	ULSET
Villanger & Sønner AS	KNARVIK	5914	ISDALSTØ